

Får bilar i hagen i Kleivadalssvingen

16.07.2007



Familien Hauge føler seg ikkje trygg og Atle Hauge (til venstre) nektar å la ungane (Kristoffer og Hanne, med paraply) leika på plenen.

Atle Hauge som bur like nedanfor Kleivadalssvingen i Uskedalen er lei av å få bilar i hagen. Han nektar no ungane å leika der fordi han er redd for at dei skal få ein bil over seg. Kvinnheringen melder at endå ein bil brasa gjennom hekken og ned i hagen i førre veka,

Ved eit tidlegare høve dundra ein tung Pajero gjennom hekken og landa der Hauge normalt parkerer eigen bil.

Grunnen til problemet er at vegvesenet for fem år sidan la om vegen i samband med byggjinga av gang- og sykkelbana, Svingen vart endra og sidan då har det årleg kome eitpar bilar ned i hagen.

Vegvesenet planla å forlengja autovernet, men ein vassleidning, andre kablar og laus grunn hindra det. Dermed krevst det meir kostbare tiltak for sikring. Hauge har sagt til vegvesenet at dei skal få grunnen gratis berre bilane blir stoppa.

Byggjeleiar Per Inge Naterstad i vegvesenet bekrefter kva som må til og innrømmer at situasjonen er uholdbar, Kleivadalssvingen er på lista som treng tiltak men Naterstad kan ikkje seia når noko kan skje.